

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2021

### Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Solveig Helene Ruud, presenterte resultatet av den gjennomførte eigarskapskontrollen av arbeidsmarknadsbedriftene og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere revisjonsrapporten for fylkestinget 14.-16.12.2021.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

På bakgrunn av gjennomført eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesordførar i samråd med fylkesdirektør syta for å:

1. Sikre at eigarstrategien for arbeidsmarknadsbedriftene blir utarbeidd som planlagt.
2. Drøfte føremålet med eigarskapa i arbeidsmarknadsbedriftene i samband med utarbeiding og handsaming av eigarstrategien, slik at det er tydeleg kva som er bakgrunnen for og intensjonen med eigarskapa.
3. Utarbeide ein felles eigarskapsstrategi med dei andre eigarane av arbeidsmarknadsbedriftene.
4. Sikre at arbeidsmarknadsbedriftene får informasjon om dei krav og føringar som fylkeskommunen har til sine eigarskap.
5. Etablere rutinar for å kontrollere at krav og føringar som fylkeskommunen har til selskapa blir følgt opp.
6. Evaluere prosessane knytt til nominasjon og styreval, for å sikre at desse blir opplevd som tydelege og ryddige av dei involverte,
7. Etablere rutinar for å gjennomføre jamlege eigarmøte
8. Sikre at nominering og val til styreverv er basert på kompetanse og eignaheit, og at grunngeving for nominasjonar blir skriftleggjort
9. Sikre at styra følgjer opp sentrale tilrådingar frå KS, inkludert at:
  - a. bruk av valkomité blir vedtektsfesta.
  - b. det blir utarbeidd retningslinjer som regulerer valkomitéane sitt arbeid
  - c. alle styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister
  - d. styra vurderer numeriske vararepresentantar
  - e. styra gjennomfører ei årleg eigenevaluering av eget arbeid og eigen kompetanse
  - f. styra - der eigenevaluering avdekkjer slikt behov - gjennomfører opplæring i styrearbeid
  - g. styra sikrar at instruks for dagleg leiar er oppdatert og dekkande
  - h. det blir utarbeidd styreinstruks
  - i. det blir etablert plan for styrearbeid
  - j. det blir gjennomført ein årleg gjennomgang av selskapa sine viktigaste risikoområder
10. Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.